

Til foreldre: Informasjon om kartleggingsprøver

1., 2., 3. og 4. trinn – våren 2016

Artikkel | Publisert: 15.12.2015

Skolane skal gjennomføre obligatoriske kartleggingsprøver i lesing på 1., 2. og 3. trinn og i rekning på 2. trinn.

Utdanningsdirektoratet tilbyr også frivillige kartleggingsprøver i rekning på 1. og 3. trinn, i engelsk på 3. trinn og i digitale ferdigheiter på 4. trinn.

Kartleggingsprøvene skal brukast av skolen og lærarane til å finne dei elevane som treng ekstra hjelp i løpet av dei første skoleåra. Dei fleste elevane vil få til dei fleste oppgåvene, og mange vil oppleve prøva som lett. Prøva vil derfor ikkje gi informasjon om elevar med gode ferdigheiter.

Obligatoriske kartleggingsprøver

Det er obligatoriske kartleggingsprøver i:

- Lesing på 1., 2. og 3. trinn
- Rekning på 2. trinn

Alle elevane skal ta dei obligatoriske kartleggingsprøvene. Elevar som er borte frå skolen på prøvedagen, skal gjennomføre prøva seinare.

Det er egne fritaksreglar for kartleggingsprøver. Sjølv om ein elev oppfyller vilkåra for fritak, kan eleven sjølv eller foreldra likevel avgjere at eleven skal gjennomføre prøva.

Frivillige kartleggingsprøver

I tillegg til dei obligatoriske kartleggingsprøvene tilbyr Utdanningsdirektoratet frivillige kartleggingsprøver. Dersom skolen eller skoleeigaren vel å gjennomføre frivillige kartleggingsprøver, skal alle elevane på det aktuelle trinnet ta prøva.

Det er tilbod om frivillige kartleggingsprøver i:

- Rekning på 1. og 3. trinn
- Engelsk på 3. trinn
- Digitale ferdigheiter på 4. trinn

Ikkje prøver i fag, men i grunnleggjande ferdigheiter

Prøvene er ikkje prøver i faga, men i grunnleggjande ferdigheiter på tvers av faga. I læreplanane er dei grunnleggjande ferdigheitene definerte som:

- munnlege ferdigheiter
- å kunne lese
- å kunne skrive
- å kunne rekne
- digitale ferdigheiter

Eksempel på oppgåver i rekning kan vere å telje, sortere tal etter storleik, fullføre talrekkjer og rekne med pluss og minus. I lesing kan det til dømes handle om å skrive bokstavar, lese ord og lese setningar. Oppgåvene i prøva i digitale ferdigheiter fokuserer på å tileigne seg og behandle

informasjon, produsere og bearbeide, kommunisere og vise digital dømmekraft. Oppgåvene i engelskprøva fokuserer på å kjenne att og forstå kjende og daglegdagse ord og uttrykk, munnleg eller skriftleg. Prøva består av to delar, ein lyttedel og ein lesedel. Elevane må bruke hovudtelefonar under lyttedelen

Resultata og oppfølging

Resultata skal ikkje rapporterast til Utdanningsdirektoratet eller brukast til å samanlikne skolar, kommunar eller fylke.

Resultata skal først og fremst brukast internt på skolane til å leggje til rette undervisninga slik at dei elevane som treng det, kan få ekstra rettleiing og støtte. Det er utarbeidd rettleiingsmaterieill til lærarane som beskriv korleis resultata kan følgjast opp.

Dersom resultata frå gjennomføringa viser at ein elev har behov for ekstra oppfølging, skal foreldra få tilbakemelding om prøveresultata og bli informerte om kva for tiltak som skal setjast i verk. Foreldra kan kontakte skolen dersom dei har spørsmål.

Meir informasjon

- Om kartleggingsprøvene: udir.no/kartlegging-gs/
- Om Læreplanverket for Kunnskapsløftet: udir.no/lareplaner/kunnskapsloftet/

Trinn	Prøve	Obligatorisk/frivillig	Tidspunkt
3. trinn	Engelsk (elektronisk prøve)	Frivillig	22. februar - 11. mars
4. trinn	Digitale ferdigheiter (elektronisk prøve)	Frivillig	22. februar - 11. mars
1. trinn	Lesing	Obligatorisk	4. - 22. april
1. trinn	Rekning	Frivillig	4. - 22. april
2. trinn	Lesing	Obligatorisk	4. - 22. april
2. trinn	Rekning	Obligatorisk	4. - 22. april
3. trinn	Lesing	Obligatorisk	4. - 22. april
3. trinn	Rekning	Frivillig	4. - 22. april